

VILKÅR FOR PÅMELDING TIL DANSEKURS HJÅ VOSS DANSESKULE

Ved å melde deg på kurs hjå Voss Danseskule (VDS) samtykker du til følgende vilkår:

1. Ved å melde deg på kurs hjå oss stadfester du at du er over 18 år eller at dine foresatte har samtykka til påmeldinga. Dersom eleven er under 18 år, står foresatte ansvarleg for påmeldinga.
2. Semesteret går over 15 veker på hausten og 15 veker på våren, og prisane som er oppgitt på nettsidene og i ordrebekreftinga gjeld per semester.
3. Ved avmelding etter påbegynt semester betales fullpris med mindre nokon andre står på venteliste og kan overta plassen. Ein betaler i så fall berre for timane fram til og med veka avmelding er motteke. Dersom avmelding skuldast sjukdom eller skade kan det vurderast redusert pris etter søknad med vedlagt legeattest eller dokumentasjon frå foresatte.
4. Alle nye elevar og dei som har hatt dansepause i to semestere eller meir får éin gratis prøvetime. Det samme gjeld "gamle" elevar som prøver ut ein ny dansestil. Ved skriftleg avmelding før andre time treng ein ikkje betale for resten av kurset. Etter dette er påmelding bindande.
5. Ved uforutsette hendingar som krev at vi ikkje kan tilby fysisk undervisning i dansesalen vert kurstimene det gjeld i første omgang avholdt som digitalt kurs.
6. Vi forbeheld oss retten til å avlyse inntil tre undervisningstimer per kurs per semester utan kompensasjon. For avlyste timer utover dette vil det bli satt opp ekstratimer der det er mogleg, eventuelt vil det verte refundert kursavgift for timane det gjeld.
7. Ein får 20% familierabatt dersom to eller fleire frå samme familie/husstand går på kurs hjå oss. Familierabatten gjeld ikkje drop-in timer eller workshops.
8. Dersom ein går på fleire kurs får ein 10% rabatt frå andre kurset og 15% rabatt frå tredje kurset. Rabatter kan ikkje kombinerast. For dei som både går på fleire kurs og har søsken/andre i familien som går på kurs, gjeld kun familierabatten.

Reglement

1. Møt opp presis til timen
2. Møt alltid opp i trenings-kle og ha med vatn på flaske (saft og utesko er ikkje tillatt i dansesalen!)
3. Ha respekt for pedagogen, dei andre dansarane, og di eiga tid - gjer ditt beste og bidra til å skape eit godt dansemiljø!

Medlemskap i Venner av Voss Danseskule

Ved påmelding til kurs hjå Voss Danseskule får ein automatisk medlemskap i foreininga Venner av Voss Danseskule. Foreininga fungerer som støtteforeining for Voss Danseskule og drives på dugnad.

Elever som ikkje har fylt 15 år representeres av ein foresatt i foreininga i samband med til dømes årsmøte. Foresatte til eldre elever kan teikne eige medlemskap om dei ønsker det. Ta i så fall kontakt på post@vossdanceskule.no

Ordinært medlemskap gjeld for det semesteret ein går på kurs hjå VDS. Om ein ikkje melder seg på nytt kurs i neste semester vert medlemskapet avslutta .